

Hjetland Bringedal attvold som bondelagsleiar

04.11.2014



Styret i bondelaget fotografert på Dønhaug tidlegare i år: Olav Hjetland Bringedal, Hans Reidar Kjærland, Runar Myklebust, Tor Ove Haugland og Andreas Kristoffersen er på biletet medan Kjetil Fossheim er fråverande.

**Bondelaget i Uskedalen har halde årsmøte med nærare 20 deltagarar og attvold Olav Hjetland Bringedal som leiar. Attvold vart også nestleiar Hans Reidar Kjærland og skrivar Tor Ove Haugland. Runar Myklebust vart attvold som som vararepresentant til styret medan Marita Kjærland vart ny vararepresentant. Medlemstalet i det driftige bondelaget er no 61 etter ein jamn auke dei siste åra.**

Fylkesleiar Frøydis Haugen frå Lindås var på årsmøtet og heldt foredrag om utfordringar og mogelegeheter for Hordaland-jordbruket under ei ny regjering.

Det har til dømes utløyst uro at ei samanslåing av mjølkekvote kan vera aktuell. Det kan føre til at Hordaland mistar kvotar til Rogaland. Dette er ei sak som TINE bør ta tak i, vart det understreka.

Uskedal Utvikling var invitert til møtet og Kristian Olav Bringedal og Hans Ordin Østebø stilte opp for å gje klargjerande svar på aktuelle saker, ikkje minst arealsituasjonen.

- Det var ein klargjerande og konstruktiv diskusjon, seier leiaren til uskedalen.no  
Han slår fast at det ikkje eksisterer nokon strid om matjorda i Uskedalen. Den skal vernast også her, understrekar han.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen